
Saksnr: 2020/73958-1
Saksbehandlar: Kristine Lovise Angelsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		25.11.2020
Fylkesutvalet		26.11.2020
Fylkestinget		15.12.2021

Eigarskap til Manger folkehøgskule

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune held fram med å eige Manger folkehøgskule.
2. Vestland fylkeskommune vil gradvis trappe ned tilskotet frå avdeling for opplæring og kompetanse til Manger folkehøgskule på ei periode over 4 år.

Samandrag

Manger folkehøgskule har vore i fylkeskommunal eige samanhengande sidan 1877. Skulen vert driven i tråd med lov om folkehøgskular med forskrift. Inntektene til skulen er i hovudsak statstilskot, elevbetaling og tilskot frå Vestland fylkeskommune.

I budsjettvedtaket for 2019 vart det gjort følgjande vedtak, og som vart vidare følgt opp i budsjettsaka i 2020:

«Drift av folkehøgskular er ikkje ei lovpålagd oppgåve. Fylkesrådmannen vil difor setje i gang eit arbeid for å vurdere om aktiviteten ved skulen bør drivast av andre eller om skulen kan drivast utan fylkeskommunalt tilskot.»

Fylkesrådmannen har gjort eit arbeid med vurdering av moglege eigarformer. Ut frå ei heilskapleg konsekvensutgreiing kan ikkje fylkesrådmannen sjå at det i nær framtid ligg moglegheiter til innsparingar for fylkeskommunen med å endre eigarskap til skulen. Difor tilrår fylkesrådmannen at fylkeskommunen held fram med å eige Manger folkehøgskule, men at det vert gjort ei gradvis nedtrapping av driftstilskotet frå avdeling for opplæring og kompetanse til folkehøgskulen over 4 år.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Styret si årsmelding 2019
- 2 Oppdaterte tabellar Manger fhs
- 3 Tabell elevtal Manger fhs
- 4 Styret sin uttale - Tilknytning til fylkeskommunen

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Om Manger folkehøgskule

Manger folkehøgskule har vore i fylkeskommunal eige samanhengande sidan 1877. Skulen vart starta under namnet Nordhordland amtsskule, og tida som amtsskule var prega av 40 år på flyttefot. Det var utfordringar med høvelege lokale, og elevane fekk bu rundt omkring i bygda der skulen var. I 1918 flytta skulen inn i nye, faste lokale på Manger og skifta namn til Nordhordland fylkesskule. Frå 1950 var namnet Manger fylkesskule, og i 1981 etter vedtak i Fylkestinget skifta skulen namn til Manger folkehøgskule.

Manger folkehøgskule er driven i tråd med lov om folkehøgskular med forskrift. I lova § 1 kan vi lese at formålet med folkehøgskular er å fremje ålmenndanning og folkeopplysing. Skulen er eksamensfri og internat er ein integrert del av læringsprogrammet. Dette er viktige vilkår for skulen.

I dag har skulen omlag 60 elevar og seks linjer:

- Brassband
- Band: scene og studio
- Artist og låtskrivar
- Musikkproduksjon
- Hiphop
- Musikk, Bu og Fritid

Det er omlag 21 årsverk ved skulen, fordelt på 31 tilsette. Omlag halvparten av dei tilsette er tilsette i deltidsstillingar; dei fleste av desse etter eige ønske. Fleire tilsette arbeider i kulturskular o.l. og/eller driv enkeltmannsføretak, i tillegg til stillinga ved Manger folkehøgskule. Personalet har svært høg kompetanse, arbeidsmiljøet er godt, og skulen har ein sterk fagleg profil.

Styret for skulen har fem medlemmer. Tre av desse er utnemnde av fylkeskommunen og Fylkestinget har delegert utnemning av styrerepresentantar til fylkesrådmannen. For tida er dei fylkeskommunale representantane fordelt med ein representant frå avdeling for opplæring og kompetanse, ein frå avdeling for kultur, idrett og inkludering og ein frå lokalmiljøet. I tillegg er det ein representant frå dei tilsette og ein representant frå elevane.

Hovudinntekta til skulen er statsstøtte og elevbetaling. I tillegg mottok dei eit tilskot frå fylkeskommunen og tilskot frå NAV for drift av linja Musikk, Bu og Fritid (MBF). Det fylkeskommunale tilskotet har jamleg vorte avkorta dei siste tre åra. Vidare på grunn av eigarskapet leverer fylkeskommunen fellestenester frå avdeling for opplæring og kompetanse, og HR-tenester og driftstenester frå avdeling for organisasjon og økonomi. Driftstenestene frå eigedomseininga i avdeling for organisasjon og økonomi utgjer ein kostnad på rett under 1,9 millionar kroner årleg.

Ulike organisasjonsformer

I følgje ei utgreiing frå 2015 er følgjande organisasjonsformer brukt av folkehøgskular¹:

- Stifting
- Foreining
- Aksjeselskap (AS)
- Samvirke (SA)

Det er fordelar og ulemper med dei ulike organisasjonsformene. Vidare er det også ulike etableringskostnader knytt til dei ulike modellane som til dømes dokumentavgift eller gebyr ved oppretting.

¹ <https://www.wis.no/wwfile/113726/organisasjonsformer.pdf>

Vedtakskompetanse

Vurdering av eigarskap til Manger folkehøgskule kjem inn under å fastsetje overordna mål og langsiktige retningslinjer for utviklinga i fylket. Dette ansvaret ligg til fylkestinget, jf. Reglement for folkevalde organ og delegering, reglement for fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Driftstilskotet til Manger folkehøgskule utgjer ein kostnad på rett over 1,1 millionar kroner i 2020. Ei gradvis nedtrapping av tilskotet vil samla sett utgjere ei innsparing for Vestland fylkeskommune.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Vidare eigarskap av Manger folkehøgskule held fram å styrke kvalitet og mangfold innan musikk og kultur, sosialt fellesskap, inkludering og tilbod som kan hindre fråfall hos ungdom.

Regional planstrategi: Vidare eigarskap av Manger folkehøgskule bidreg til å halde fram med regional utvikling med rekruttering og skaping av arbeidsplassar.

Saka går ut på ei vurdering av eigarskap til Manger folkehøgskule. I denne vurderinga er det to moglege alternativ; at fylkeskommunen held fram med å eige skulen eller at ein ser på alternativ for framtidig organisering og eigarskap.

Formålet med vurderinga av eigarskap er å sjå om fylkeskommunen kan gjere økonomiske innsparingar sidan drift av folkehøgskular ikkje er ei lovpålagd oppgåve for fylkeskommunen.

På bakgrunn av utgreiinga frå 2015 om ulike organisasjonsformer for folkehøgskular, ser fylkesrådmannen at modellen med ei stifting står fram som det mest formålstenlege alternativet å vurdere dersom Manger folkehøgskule ikkje lenger skal vere ein del av fylkeskommunen.

Ei stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt og drivast av eit formål. Stiftinga har som primæroppgåve å realisere formålet til stiftinga. Det er sett på som ein lite fleksibel organisasjonsform dersom det i framtida skal bli umogleg å drive til dømes folkehøgskule. I så fall må målparagrafen i vedtektene til stiftinga gjerast open og mest mogleg lik eigar (stiftar) si målformulering.

Eit grunnvilkår for å opprette ei stifting er at stiftinga må forvalte ein grunnkapital på minst kr 100.000. Denne grunnkapitalen må vere stilt til disposisjon for å fremje eit bestemt føremål og eigar (stiftaren) kan ikkje få attendeført grunnkapitalen ved eventuell avvikling. Grunnkapitalen kan vere pengar eller eidedelar.

Dersom det i Manger folkehøgskule ligg ein grunnkapital på minst kr 100.000 som går utanom eiedomsverdi, vil fylkeskommunen framleis behalde eigarskapet til eigedomen og bygningane. Fylkeskommunen vil då i utgangspunktet behalde kostnader knytt til vedlikehald og drift av eigedomen. Alternativet er å leige ut eller selje eigedomen til stiftinga, eller nytte eigedomen som grunnkapital ved opprettinga av stiftinga.

Fylkesrådmannen vurderer at det vil vere utfordrande å selje eigedomen då det er vanskeleg å sjå kva organisasjonar som skulle ha økonomi til eller interesse av å kjøpe skulen. Det same gjeld alternativet med å leige ut eigedomen til stiftinga. Dette krev også ein organisasjon eller liknande som har økonomi til dette. Å nytte eigedomen som grunnkapital ved opprettinga av stiftinga står heller ikkje fram som noko godt alternativ. I så fall vil fylkeskommunen gi frå seg svært store verdier.

Det ligg moglege konsekvensar for vidare drift av skulen ved ei eventuell etablering av stifting. Formålet med å opprette ei stifting må vere å frigi fylkeskommunen for dei økonomiske forpliktingane til drift av skulen. Då må skulen gjere dette utan direkte og indirekte driftsstøtte frå fylkeskommunen. I ein uttale frå styret viser dei til at det kan innebære at skolens noverande drift må erstattast med ein heilt ny skuleprofil med nye faglinjer med lågare kostnad. Skulen har dei siste 40 åra utvikla seg til å verte ein rein musikkfolkehøgskule. Musikk er eit kostnadskrevjande fag både i vidaregåande skule og i folkehøgskule. Vidare kan ein konsekvens vere at mesteparten av dei noverande tilsette vil måtte få tilbod om anna arbeid i fylkeskommunen, eller verte oppsagte.

Eit anna alternativ er å inngå ein avtale på at vi legg drifta over til andre relevante partar. Her held fylkeskommunen fram med å eige bygningane og skulen, men alt ansvar for drift av skulen, støttetjenester rundt HR/HMS og kostnader rundt bygningane vert lagt over til andre. For at dette

skal vere interessant må eit slikt alternativ innebere at drifta er lønnsam. Manger folkehøgskule er ein liten skule med rundt 60 elevar. For å få ei meir lønnsam drift er det behov for å utvide elevtalet, men det betyr at skulen må ha nytt internat då det for tida ikkje er plass til fleire elevar på skulen. Her ligg det altså ein kostnad. Vidare tek det tid å få auka statstilskotet. Sjølv om ein byggjer ut skulen og aukar elevtalet vil inntektene frå dette komme ein del år seinare. Så langt fylkesrådmannen er kjend med, er det lite sannsynleg eller realistisk at andre partar/organisasjonar vil overta drifta.

Konklusjon

Samla sett vurderer fylkesrådmannen at det i nær framtid ikkje ligg moglegheiter til innsparingar for fylkeskommunen med å endre eigarskap til Manger folkehøgskule. Etablering av ei stifting kan innebere at vi mister eigarskap til eigedomen og bygningane. Både sal og utleige av eigedomen står vidare fram som ei lite sannsynleg løysing. Det same gjeld ein avtale om at andre overtek drifta og ansvar for driftskostnader.

Ut frå ei heilskapleg konsekvensutgreiing tilrår difor fylkesrådmannen at Vestland fylkeskommune held fram med å eige Manger folkehøgskule utan endring i organisasjonsform. Dette inneber at vi held fram med å dekkje driftskostnader til skulebygg, eigedom som utgjør ein kostnad på omlag 1,9 millionar kroner årleg.

Fylkesrådmannen tilrår vidare at det vert gjort ei gradvis nedtrapping av tilskotet frå avdeling for opplæring og kompetanse til skulen over ei periode på 4 år.